



Statens vegvesen

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2
6863 LEIKANGER

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Eli Marita Vik Næss / 57655744

Vår referanse:
17/103094-3

Dykkar referanse:

Vår dato:
16.10.2017

IKKJE OFFENTLEG, offentleglova § 15, 1. ledd

Fv. 609 Dalsfjordsambandet – tunnelpåhogg for tunnel mellom Steiehalsen og Otterstein som ligg innanfor grensene for Steiehalsen naturreservat i Askvoll

Vi viser til e-post sendt til Dina Lefdal og Ole Ingar Hæreid 6. juli der vi orienterte om at tunnelpåhogg for tunnel mellom Steiehalsen og Otterstein ligg innanfor Steiehalsen naturreservat.

Bakgrunn for saka

Anleggsarbeida starta i september 2010. Entreprenør melde frå om problem med påhogget på Steiehalsen (Askvollsida) i november månad. Påhogget som låg i reguleringsplan og i kontrakt med entreprenør synte seg å vera anleggsteknisk mykje vanskelegare enn føresett. Det vart prøvd ut fleire påhogg mellom det opprinnelege og det endeleg valde påhogget som låg ca. 300 meter vekke frå det planlagde.

Vi dreiv tunnelen og forankringskammer på Otterstein medan vi prosjekterte nytt påhogg på Steiehalsen.

Då framlegg til nytt påhogg var prosjektert kontakta vi Askvoll kommune. Kommunen og Statens vegvesen var samde om å føreta ein samla revisjon av reguleringsplanen når anlegget vart ferdig fordi fleire forhold måtte endrast og det var ønskje om få gjort alt i ei endring. Dersom tunnelanlegget skulle stoppast ville dette ha gjeve store økonomiske konsekvensar.

Vi held no på med den lovde reguleringsendra (oppdateringa av reguleringsplanen). Det har då kome fram at fylkesmannen vedtok ein verneplan for edellauskog på Steiehalden i området der vi fann nytt påhogg for tunnelen.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Verneplanen vart vedteken etter vår reguleringsplan, men før anleggsarbeidet starta. Prosjektet var ikkje merksam på verneplanen noko som førde til at det nye tunnelpåhogget braut grensa for verneplanen, jf. vedlagde kart. Vernegrensa er synt med grøn strek i kartet.

Fylkesmannen vart varsla då vi oppdaga at vi hadde bygd innanfor vernegrensa.

Vi hadde møte med fylkesmannen i Sogn og Fjordane 1. september. Referat frå møtet ligg vedlagt.


Vi reknar med at denne saka vert følgt opp av fylkesmannen. Vi vil orientere nærare når vi får tilbakemelding frå fylkesmannen.

Vegavdeling Sogn og Fjordane
Med helsing

Svenn Egil Finden
avdelingsdirektør

Eli Marita Vik Næss

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.



Fra: Ødegård Gun-Mari
Sendt: 28. september 2017 11:41
Til: 'fmsfpost@fylkesmannen.no'
Kopi: Anonby, Johannes; Sandvik, Heidi; 'Yndesdal, Nils Erling'
Emne: Referat frå møte om tunnelpåhogg Steiehalsen, Askvoll kommune
Vedlegg: Referat_rev, møte 01.09.2017.pdf

Vedlagt ligg oppdatert referat frå møtet 01.09.2017.

Med helsing
Gun-Mari Ødegård

Seksjon: Planseksjonen
Postadresse: Statens vegvesen Region vest, Postboks 43, 6861 LEIKANGER
Kontoradresse: Askedalen 4, LEIKANGER
Telefon: +47 57655834 **Mobil:** +47 97738844 **e-post/Lync:** gun-mari.odegard@vegvesen.no
www.vegvesen.no **e-post:** firmapost-vest@vegvesen.no

Tenk miljø - spar papir. Treng du skrive ut denne e-posten?



Statens vegvesen

Referat

Dato: 01.09.2017
Tid: 10.00–12.00
Referent: Gun-Mari Ødegård

Saksbehandler/telefon:
Gun-Mari Ødegård / 57655834
Vår dato: 25.09.2017
Vår referanse: 17/103094-2

Tunnelpåhogg ved Steiehalsen

Møte nr.: 1
Sted: Leikanger
Møteleder: Erling Varlid
Til stede: Nils Erling Yndesdal, Johannes Aanonby, Heidi Sandvik, Eli Marita Vik Næss, Erling Varlid, Gun-Mari Ødegård
Forfall: Fyll inn.
Kopi:

Ansvar / frist

1. Presentasjon og gjennomgang av sakliste.
2. Johannes Aanonby gjekk gjennom historia for vernevedtaket som gjeld Klingehola – Steiehalsen. Edellauvskoglokaliteten «Steiehalsen» var med allereie i framlegget til verneplan for edellauvskog i Sogn og Fjordane som var sendt på høyring i 1979. Ei innvending mot vern av Steiehalsen den gongen var at det var så bratt og utilgjengeleg at det verna seg sjølv. Det er derimot verneverdiane som er det avgjerande, og Steiehalsen er svært interessant som ein vestleg utpost av varmekjær alm-lindeskog med artar knytte til solvarme stader. Den samanhengande, urørde fjordlia frå fjøre til fjell er ein kvalitet i seg sjølv. Edellauvskogplanen frå 1979 vart ikkje vedteken, men det vart arbeidd vidare, og gjort ein del endringar. Steiehalsen var framleis med i det nye verneplanframlegget som var på høyring 2006. Fylkesmannen la til grunn at vernet ikkje skulle hindre Dalsfjordsambandet, men oppmoda om å finne traséalternativ som ikkje greip inn i verneframlegget. I oversending frå Fylkesmannen til Miljødirektoratet i

	Ansvar / frist
<p>2007 var grensa difor ikkje trekt attende av omsyn til veg. I førekant av vernevedtaket i 2009 var derimot vegtraseen avgjort, og etter oppdrag frå Miljøverndepartementet endra Fylkesmannen den føreslegne reservatgrensa i samsvar med reguleringsplan for fv.609/Rv.57 Dalsfjordbrua, som var vedteken i april 2008. Reint teknisk vart dette gjort ved at Fylkesmannen sin sakshandsamar i møte med Statens vegvesen fekk shapefil med reguleringsgrensa, og denne vart lagd inn i kartprogrammet slik at reservatgrensa på den aktuelle strekninga fall saman med reguleringsgrensa. Vernevedtaket 19.6.2009 vart gjort i medhald av naturvernlova, sidan naturmangfaldlova som vart vedteken same dag først tok til å gjelde frå 1.7.2009. Det er eit paradoks at om veganlegget hadde vorte regulert som det vart bygt, ville det ha vore positivt for verneområdet. Med lengre tunnel ville verneområdet blitt større. Vernevedtaket er gjort av regjering og kongen i statsråd og er eit strengt vern. Det er viktig at alle respekterer vernet. Verneområdet er vist i tilgjengelege kartbasar på nettet og kommunen skal informere om vernet for eksempel dersom det er planar om tiltak i området.</p> <ol style="list-style-type: none"> 3. Gun-Mari Ødegård informerte om status for planarbeidet i samband med reguleringsplan for fv.609 Eikenes – Dalsfjordbrua. Den nye planen skal samsvare med slik anlegget er bygd. Presentasjon ligg på vedlagd minnepenn. 4. Erling Varlid informerte om byggeprosessen og kva som skjedde når tunnelpåhogget vart flytta. SVV hadde i denne fasen kontakt med Askvoll kommune som lokal planmyndigheit, samt sjekka ut tinglyste servituttar(heftelsar) på gnr.245, bnr.1, men fann ikkje verneplanen tinglyst der. Presentasjon ligg på vedlagd minnepenn. 5. Informasjon om verneområdet har ikkje fungert internt hos Statens vegvesen. Men ein må vurdere omstenda i den situasjon ein var i. Om ein hadde hatt dialog på eit tidleg tidspunkt ville det truleg ikkje vore meininga at vernet skulle hindre for vegsambandet og den eventuelle kostnadsauken ein lengre stopp i anleggsarbeidet ville medført. 6. Statens vegvesen har inngått kontraktar med alle grunneigarane om kjøp av grunn. I forslag til reguleringsplan for fv.609 Eikenes – Dalsfjordbrua, har Statens vegvesen vurdert å sette reguleringsgrensa i samsvar med dei nye eigedomsgrensene. Dette er ikkje mogeleg å gjere fordi ein kan ikkje regulere eit område som er verna. 7. Fylkesmannen vil diskutere saka med Miljødirektoratet og finne reaksjonsform. Det er Sogn og Fjordane fylkeskommune som er vegeigar og som er eventuell part i saka. Fylkesmannen må også vurdere korleis grensene for vern og regulering skal vere. 	

